



Stad kommune



INFO frå Stad kommune / sept 2020

Vi ryddar opp på rådhuset på Nordfjordeid og på kommunehuset i Selje!

Den nasjonale ryddeveka er i gang og mange arbeidsplassar ønsker å ta i eit tak for naturen og vise at dei støttar opp under den nasjonale dugnaden. Vi nyttar no høvet til å få rydda opp rundt husa og få det enda litt meir ryddig rundt oss - også for eige miljø!

På felles leiarsamling i Stad 09.09 vart vi samde om å ta eit tak for å rydde alle arbeidsplassane i Stad. Dette skrivet omhandlar plan for rydding på rådhuset og kommunehuset. Dei andre arbeidsplassane tar dei respektive einingsleiarane ansvar for.

Vi ønskjer at alle rom blir rydda innan 02.10. Leiarane på huset må setje dette i system slik at alle tilsette deltek. Vi har også oppmoda leiarane om å spele inn moment som gjer at vi kan bli samde om ein standard for korleis vi vil ha det. Dette vil vi kome tilbake til, men fint om dette blir tematisert før ryddinga startar. Vi tar så eit felles tak for å gjere det så triveleg og funksjonelt rundt oss som mogleg!

Moment som må med i vurderinga av standard:

- Alle rom, både kontor og møterom, er offentlege rom. Vi må difor tenke på korleis vi tar imot innbyggjarane våre og andre når dei har behov for å treffe oss. Dette handlar om respekt for dei og vårt eige omdømme.
- Det er svært trangt om plassen på rådhuset, så der det er behov for deling av kontor og arbeidsplass, er det særleg viktig å halde orden slik at det er lett å låne/sambruke både kontor og arbeidsplass. Hugs difor på at arbeidsplassen må forlatast ryddig.
- Vi må også ta omsyn til reinhald og hygiene, så det må vurderast kva som skal liggje framme og i opne hyller.
- Fellesareala har vi alle eit ansvar for å halde orden i.
- Meld saker til FDV-bygg dersom det er ting i bygga du ikkje kan ordne opp i sjølv.

Pia er i gang - god ryddeøkt til dykk alle!

Med helsing Åslaug